



Tvisteløysingsnemnda

Vedtaksdato
06. desember 2019

Vår referanse
2019/26523

Saksbehandlar
Mona Ekelund

VEDTAK NR 165/19 I TVISTELØYSINGSNEMNDA

Tvisteløysingsnemnda heldt møte torsdag 5. desember 2019.

Ved behandlinga av saka var Tvisteløysingsnemnda satt saman slik:

Faste medlem

Steffen G. Rogstad, nestleiar
Silje Hassellund Solberg, LO
Marianne Pedersen, Virke

Saka gjeld

Tvist om førerett for deltidstilsette etter arbeidsmiljølova § 14-3

Arbeidstakar

A

Arbeidsgivar

B kommune

Det vart treft slikt vedtak:

Saksforhold

A er fast tilsett som vaktmeister i stilling på 50 prosent i B kommune.

Den 27. januar 2019 fremma A ynskje om auka stilling til 60-80 prosent, gjerne med nye oppgåver innan administrasjon eller som vikarlærer i tekniske fag/realfag.

Ei stilling som personalrådgjevar vart ledig i juni 2019 og kommunen vedtok å halde stillinga vakant i påvente av ny organisering i samband med kommunesamanslåing 1. januar 2020. I brev datosett 21. august 2019 vart A gjort kjent med at personalsjefen i den nye kommunen var satt til å fungere som personalsjef i B.

I e-post av 3. september 2019 kravde A ei forklaring med omsyn til tilsettinga og meinte han hadde førerrett til stilling som personalsjef/-konsulent. Kommunen viste til at personalrådgjevarstillinga si framtid var uavklart og at den difor ikkje var utlyst, eller nokon tilsett, og at personalsjefen i den nye kommunen skulle fungere som personalsjef inntil vidare.

Saka ble brakt inn for Tvisteløysningsnemnda ved e-post av 4. september 2019. Ovanfor nemnda har begge partar fått høve til å komme med utfyllande merknadar.

Nemnda har mottatt følgjande dokument frå arbeidstakar:

- e-post av 4. september 2019, med vedlegg
- brev datosett 20. september 2019, med vedlegg

Nemnda har mottatt følgjande dokument frå arbeidsgivar:

- brev datosett 18. september 2019

Utsegn frå arbeidstakar

A gjer gjeldande at han har førerrett til stillinga som personalsjef-/konsulent i B. Kommunen har brote lova ved å gje stillinga til personalsjefen i nabokommunen utan utlysing og utan å avklare eventuell førerrett.

Utsegn frå arbeidsgivar

B kommune gjer gjeldande at A ikkje kan ha førerrett fordi det ikkje er gjort noko ny tilsetting. Personalsjefen i nye V kommune fungerer som personalsjef i B i påvente av at ho tiltrer stillinga ved kommunesamanslåinga 1. januar 2020. Det var naudsynt at det personalfaglege ansvaret vart ivareteke av nokon med kompetanse då personalrådgjevarstillinga vart ledig. Ei nærare avklaring av kva som skal skje med den vakante personalrådgjevarstillinga vil skje i den vidare prosessen med samanslåing av kommunane.

Tvisteløysningsnemndas merknader

Tvist mellom arbeidsgivar og arbeidstakar om førerrett for deltidstilsette kan bringast inn for Tvisteløysningsnemnda, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 (1) og § 14-3 (4). Etter forskrift om tvisteløysningsnemnd etter arbeidsmiljølova § 2 settast nemnda med nestleiar og to faste medlemmar.

Arbeidsmiljølova § 14-3 (1) fastset at deltidstilsette har førerrett til utvida stilling framfor at arbeidsgivar gjer ei ny tilsetting i verksemda. Førerretten er avhengig av at arbeidstakar er kvalifisert for stillinga og at utøving av førerretten ikkje vil medføre vesentlege ulemper for verksemda, jf. § 14-3 (2). Ved vurderinga av om arbeidstakar er kvalifisert kan det etter forarbeida tas omsyn til både faglege og personlege føresetnader.

Kommunen gjer gjeldande at det ikkje finnast noko ledig stilling å krevje førerrett til og at det ikkje er gjort noko ny tilsetting.

Nemnda har komen til at det ikkje er naudsynt å ta stilling til desse spørsmåla, då stillingane uansett er for ulike til at A kan gis førerrett. Etter ordlyden gjeld førerretten «utvidet stilling». I forarbeida til arbeidsmiljølova § 14-3 (Innst. O. nr. 100 for 2004-2005 pkt. 17.2) presiserast det at retten gjeld stilling med om lag same arbeidsoppgåver som den deltidstilsette allereie utførar i si faste stilling. Dette er også lagt til grunn i nemnda si praksis.

Stilling som personalsjef/-konsulent kan ikkje seiast å ha om lag dei same arbeidsoppgåvene som A si noverande stilling, og kan dermed ikkje betraktast som ei utviding av den faste stillinga hans. A er tilsett som vaktmeister og utfører ulike oppgåver i forvaltning, drift og vedlikehaldsavdelinga. Oppgåvene omfattar også arbeid ved gjenbruksstasjonen. Stilling som personalsjef/-konsulent er administrative stillingar som blant anna omfattar sakshandsaming innan personalområdet, oppfølging av tilsette og leiarar, rettleiing og rådgiving innan personalområdet. Stillingane er verken samanfallande i tittel, stillingsomtale, innhald eller ansvarsområde. Arbeidstakar har etter dette ikkje førerrett etter arbeidsmiljølova § 14-3 og kan difor ikkje få medhald i sitt krav.

Det er etter dette ikkje naudsynt for nemnda å ta stilling til om A er kvalifisert for stillinga som personalsjef/-konsulent, eller om det vil vere til vesentleg ulempe for verksemda dersom A hadde fått førerrett til den omtvista stillinga.

Konklusjon

Arbeidstakar gis ikkje medhald.

Tvisteløysningsnemnda

Steffen G. Rogstad
nestleiar

06. desember 2019

Til orientering:

Tvistar som nemnde i §§ 8-3, 10-13, 12-14, 14-3 og 14-4 a kan bringast inn for domstolane etter at avgjerd frå tvisteløysningsnemnda ligg føre, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 (2).

Konklusjonen til nemnda står ved lag medan saka er til behandling hjå domstolane. Dersom dette vil virke urimeleg, kan retten etter krav frå ein av partane fastsetje ei anna mellombels ordning.

Fristen for å bringe tvisten inn for domstolane er åtte veker frå det tidspunktet parten vart underretta om avgjerda frå Tvisteløysningsnemnda, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 (3).

Reisast ikkje søksmål innan fristen, har vedtaket verknad som ein rettskraftig dom, og kan fullbyrdast etter reglane som gjeld for dommar, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 (4).